



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 27.06.2017  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Erlend Krumsvik	Margrete Bjerkvik	KRF
Sindre Rotevatn	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Brynhild Solvang	Barnevernsleiar OS 99/17
Nina Kvalen	Spesialrådgjevar innvandring og integrering OS 99/17
Torill Osborg Vinjevoll	Fagteamleiar for hjelpetiltak retta mot einslege mindreårige flyktningar OS 99/17
Rune Totland	Teknisk sjef PS 116/17 og PS 117/17
Per Heltne	Planleggar PS 114/17 og PS 115/17
Svein Berg-Rusten	Konst. helse- og omsorgssjef PS 123/17 og OS 103/17
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef OS 111/17
Marija Ostojic	Rekneskapssjef PS 118/17
Andreea Beleuta	Økonomikonsulent PS 118/17



## VOLDA KOMMUNE

### PS 112/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Handsaming:

Det var 8 møtande ved møtestart.

#### Innkalling

Ettersendte dokument 26.06.2017:

PS 123/17 - Høyring om lokal forskrift om rett til sjukeheimplass eller tilsvarende bustad med heildøgnstenester.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sølvi Dimmen møtte.

#### Sakliste

Ordføraren kom med slikt tillegg og framlegg til endring av saklista:

- Ettersendt sak PS 123/17 vert sett på saklista. PS 123/17 og OS 103/17 vert handsama etter orienteringssak OS 99/17.

Fride Sortehaug bad om at SFO-tilbod til barn med spesielle behov vert sett på saklista.

Anders Egil Straume reiste spørsmål om lagring av brakkene/skulemodulane og økonomien kring prosjektet.

Odd A. Folkestad vil informere om NTP og ferjeavløysing.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om skyssoardning på bygdene i samband med Stortingsvalet.

#### Røysting:

Innkalling og sakliste med endring og tillegg frå ordføraren, Fride Sortehaug, Anders Egil Straume og Odd A. Folkestad vart samrøystes godkjent.

### PS 113/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte 13.06.2017 vart samrøystes godkjent.



## VOLDA KOMMUNE

### **OS 99/17 Barnevernet - einslege mindreårige flyktningar**

Leiar for barnevernstenesta Brynhild Solvang, fagteamleiar for hjelpetiltak retta mot einslege mindreårige flyktningar Torill Vinjevoll og spesialrådgjevar innvandring og integrering Nina Kvalen, orienterte om barnevernstenesta og tenesteområdet for einslege mindreårige flyktningar.

### **PS 123/17 Høyring om lokal forskrift om rett til sjukeheimplass eller tilsvarande bustad med heildøgnstenester**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda formannskap viser til plikt for kommunen til å utarbeide forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester, inkludert kriterier for tildeling og bestemmingar om venteliste.*

*Framlegg til forskrift skal kunngjerast offentleg, men skal i høyringsrunden også sendast til Eldrerådet og Råd for likestilling og funksjonshemma for uttale.*

*Høyringsfristen vert satt til den 08.08.2017.*

#### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt 26. juni.

Konst. helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om saka.

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i formannskapet - 27.06.2017:**

*Volda formannskap viser til plikt for kommunen til å utarbeide forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester, inkludert kriterier for tildeling og bestemmingar om venteliste.*

*Framlegg til forskrift skal kunngjerast offentleg, men skal i høyringsrunden også sendast til Eldrerådet og Råd for likestilling og funksjonshemma for uttale.*

*Høyringsfristen vert satt til den 08.08.2017.*



## VOLDA KOMMUNE

### **OS 103/17 Svar på spørsmål om langtidsleige - Volda prestegard**

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om sin habilitet. Han har vore ein deltakande part i saka gjennom arbeidet sitt i helse og omsorg, jf. fvl. § 6, 1. ledd, a.

Røysting habilitet:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent inhabil.

Konst. helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om saka.

Ordføraren og rådmannen vil forhandle med Opplysningsvesenets fond om leige av Volda prestegard.

Odd Harald Sundal tok sete.

### **PS 114/17 PlanID 2012011 Reguleringsplan B60 Strand - Byggeplan BK2. Mindre vesentleg reguleringsendring.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet viser til motteken søknad og tilhøyrande teikningar snitt og illustrasjonar, og finn å kunne godkjenne utbygging på området BK2 med byggehøgde inntil 11.6 m-målt i front av bygget, for planlagde bygg 1, 2 og 3, på fylgjande vilkår:*

- toppetasjen skal vere tilbaketrekt i hovudfasaden.*
- byggplasseringa og kotehøgder skal endeleg fastsettast i samla byggeplan for området.*
- bygg 3 skal/bør trekkjast bakover (mot nord) omlag 3-5m for å redusere byggehøgda i høve til terreng og planlagt p-plass her*

*Ved utarbeiding av samla byggeplan skal også løysingar for terrengtilpassing/ending på nordsida av bygga visast og illustrerast ved planteikningar og snitt.*

#### **Handsaming:**

Sakshandsamar Per Heltne orienterte om saka.

#### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i formannskapet - 27.06.2017**

*Formannskapet viser til motteken søknad og tilhøyrande teikningar snitt og illustrasjonar, og finn å kunne godkjenne utbygging på området BK2 med byggehøgde inntil 11.6 m-målt i front av bygget, for planlagde bygg 1, 2 og 3, på fylgjande vilkår:*

- toppetasjen skal vere tilbaketrekt i hovudfasaden.*
- byggplasseringa og kotehøgder skal endeleg fastsettast i samla byggeplan for området.*



## VOLDA KOMMUNE

*- bygg 3 skal/bør trekkjast bakover (mot nord) omlag 3-5m for å redusere byggehøgda i høve til terreng og planlagt p-plass her*

*Ved utarbeiding av samla byggeplan skal også løysingar for terrengtilpassing/ending på nordsida av bygga visast og illustrerast ved planteikningar og snitt.*

**PS 115/17 Gbr 164/1 og 2 - flytting og forlenging av eksisterande molo - dispensasjon frå kommuneplan - Marine Harvest sitt anlegg i Sandvika på Lauvstad**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet finn omsøkte tiltak så omfattande at det bør få si planmessige avklaring gjennom utarbeiding av reguleringsplan, med tilhøyrande prosess, enn gjennom dispensasjonssøknad.*

*Søknad om dispensasjon vert såleis ikkje imøtekome.*

**Handsaming:**

Sakshandsamar Per Heltne svara på spørsmål frå formannskapet om saka.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

*Søknaden om dispensasjon frå kommuneplanen og plan- og bygningslova par 1-8 vert innvilga.*

**Røysting (9 røysteføre):**

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Odd A. Folkestad og tilrådinga frå administrasjonen. Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteken, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Anders Egil Strume).

**Vedtak i formannskapet - 27.06.2017:**

*Formannskapet finn omsøkte tiltak så omfattande at det bør få si planmessige avklaring gjennom utarbeiding av reguleringsplan, med tilhøyrande prosess, enn gjennom dispensasjonssøknad.*

*Søknad om dispensasjon vert såleis ikkje imøtekome.*

**PS 116/17 Planprogram for hovudplan vatn og avløp. Godkjenning av planen som del av kommuneplanen**

**Administrasjonen si tilråding:**



## VOLDA KOMMUNE

*Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til planprogram for hovudplan for vatn og avløp for Volda kommune.*

*Planprogram skal annonserast.*

### **Handsaming:**

Teknisk sjef Rune Totland orienterte og svarta på spørsmål frå formannskapet.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 27.06.2017 til kommunestyret:**

*Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til planprogram for hovudplan for vatn og avløp for Volda kommune.*

*Planprogram skal annonserast.*

## **PS 117/17 Framlegg til revisjon av forskrift for handsaming av avfall og slam i Ørsta og Volda kommunar**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda formannskap legg framlegg til Renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar – Kommunal forskrift for handsaming av avfall og slamtømming ut på høyring i 8 veker, Jf. forvaltningslova §37*

### **Handsaming:**

Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 27.06.2017:**

*Volda formannskap legg framlegg til Renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar – Kommunal forskrift for handsaming av avfall og slamtømming ut på høyring i 8 veker, Jf. forvaltningslova §37*

## **PS 118/17 Månadsrapport mai 2017**

### **Administrasjonen si tilråding:**



## VOLDA KOMMUNE

*Månadsrapporten for mai 2017 vert teken til vitende.*

### **Handsaming:**

Rekneskapssjef Marija Ostojic og økonomikonsulent Andreea Beleuta var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 27.06.2017**

*Månadsrapporten for mai 2017 vert teken til vitende.*

### **PS 119/17 Ruteendringsprosessen 2018**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Formannskapet viser til tidlegare saker om ruteendringsprosessen, og krev at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna.*
2. *Formannskapet viser også til sine tidlegare vedtak om:*
  - *15. min avgang riksvegferjer*
  - *Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
  - *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
  - *Kollektivtransport Ørsta/Volda-Stryn.*
3. *Formannskapet vil også peike på at i samband med den føreståande kommunesamanslåinga Hornindal og Volda , må kollektivtransporten mellom dei o kommunesentera vesentleg styrkast .*
4. *Formannskapet ber elles om at det vert teke omsyn til innspela frå grendeutvala, slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.*

### **Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Ordføraren får fullmakt til å tilføye tillegg som gjeld ventrom/toalett ved Folkestad ferjekai.*

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilråding frå administrasjonen, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i formannskapet - 27.06.2017:

1. *Formannskapet viser til tidlegare saker om ruteendringsprosessen, og krev at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna.*
2. *Formannskapet viser også til sine tidlegare vedtak om:*
  - *15. min avgang riksvegferjer*
  - *Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
  - *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
  - *Kollektivtransport Ørsta/Volda-Stryn.*
3. *Formannskapet vil også peike på at i samband med den føreståande kommunesamanslåinga Hornindal og Volda, må kollektivtransporten mellom dei o kommunesentera vesentleg styrkast.*
4. *Formannskapet ber elles om at det vert teke omsyn til innspela frå grendeutvala, slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.*

*Ordføraren får fullmakt til å tilføye tillegg som gjeld venterom/toalett ved Folkestad ferjekai.*

### PS 120/17 Søknad om driftsstøtte til TV-aksjonen 2017 - Unicef

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet løyver kr. 4000 til driftsstøtte til TV-aksjonen 2017. Dekning vert over formannskapets disposisjonspost.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i formannskapet - 27.06.2017

*Formannskapet løyver kr. 4000 til driftsstøtte til TV-aksjonen 2017. Dekning vert over formannskapets disposisjonspost.*

### OS 111/17 Mellombels lagring av brakkemodular

Anders Egil Straume reiste spørsmål om mellomlagring av brakkemodular og viste til tidlegare vedtak frå kommunestyret. Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om bakgrunnen for mellomlagringa av brakkemodulane, kostnad og finansiering av prosjektet.

### PS 121/17 Vedtaksoppfølging - rapport frå arbeidsgruppe

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*





## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

Formannskapet gjekk gjennom vedtaksloggen.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Formannskapet si tilråding vert lagt fram for kommunestyret.  
Formannskapet ber om at nyare vedtak vert tilføyd.*

### **Røysting** (9 røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding i formannskapet - 27.06.2017 til kommunestyret:**

*Formannskapet si tilråding vert lagt fram for kommunestyret.  
Formannskapet ber om at nyare vedtak vert tilføyd.*

### **PS 122/17 Orienteringssaker**

**OS 100/17 Orientering om romprogram kulturhus/førebuing til møte med Statsbygg**

**OS 101/17 Innspel/forslag forslag til komitémerknad NTP 2018-2029**

**OS 102/17 Det langsiktige perspektivet for rettslokale for Søre Sunnmøre Tingrett**

**OS 104/17 Nye personvernregler fra 2018**

**OS 105/17 70 års aldersgrense**

**OS 106/17 Norsk friluftsliv - Vannscooter - hva nå?**

**OS 107/17 Møteplass mellom kommune og næringsliv Høgskulen 15. august**

Det vert møte mellom kommunen og næringslivet 15. august kl. 09.00.

**OS 108/17 Møte med Volda næringsforum 19. juni**

**OS 109/17 Endring av møteplan for formannskapet (flytting av møte i august)**

Oppsett møte den 15. august vert flytta til 22. august.



## **VOLDA KOMMUNE**

### **OS 110/17 SFO - Alternativt tilbud til born med spesielle behov**

Fride Sortehaug reiste spørsmål om tenestetilbodet i SFO, eller ei eventuell støttekontaktordning, for born med spesielle behov i barneskulen. Det vert bede om at administrasjonen får ei oversikt over utfordringar og om mogleg finansiering av SFO-/støttekontaktordning for born med spesielle behov.

### **OS 112/17 Informasjon om NTP og Voldsfjordkryssing**

Odd A. Folkestad informerte om vedtak frå Transport- og kommunikasjonskomiteen vedk. ferjeavløysingsprosjekt og viste vidare til prosjektet Voldsfjordkryssing.

### **OS 113/17 Skyssordning i høve gjennomføring av Stortingsvalet**

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om skyssordning på bygdene og finansiering av skyssen, i samband med gjennomføringa av Stortingsvalet 2017.

Møtet slutt kl. 15.55

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
28.07.2017

Sonja Håvik  
konsulent